



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Heradsstyresalen, Heradshuset på Dale
Dato: 30.08.2017
Tidspunkt: 15:00 – 19.00

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Boris Groth	Leiar	FRP
Bente Sundheim	Nestleiar	H
Bjørg Aase N. Hop	Medlem	AP
Odd Jøran Oldervik	Medlem	SV
Terje Davidsen	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Åse Elin Myking	Rådmann
Truls Morten Kaland	Økonomisjef
Line Margrethe Johansen	Forvaltningsrevisor i Deloitte, t.o.m. sak PS 27/17
Line Kuven	Rekneskapsrevisor i Deloitte
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Boris Groth
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 22/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 23/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 24/17	Rådmannen presenterer tertialrapport for 1. tertial 2017		2017/28
PS 25/17	Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 4 frå Deloitte		2017/28
PS 26/17	Rådmannen orienterer om oppfølging av tilsynsrapport frå helsetilsynet		2017/28
PS 27/17	Forvaltningsrevisjon av kvalitet innanfor helse og omsorg - Revisjonsrapport		2017/24
PS 28/17	Oppfølging - Selskapskontroll av eigarskapskontroll		2017/52
PS 29/17	Budsjett 2018 for kontroll og tilsynsarbeidet i Vaksdal kommune		2017/58
PS 30/17	Revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen for 2017		2017/28
PS 31/17	Kurs i regi av Deloitte 2017		2017/71
PS 32/17	Teieplikta for kontrollutvalet		2017/27
PS 33/17	Gjennomgang av møteprotokollar		2017/47
PS 34/17	Referatsaker		
RS 8/17	Vedtak i KST 8.5.17 - ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET FOR 2016		2017/32
RS 9/17	Vedtak i KST 26.06.17 - REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2016 FOR VAKSDAL KOMMUNALE AO-senter KF		2017/28
RS 10/17	Vedtak i KST 26.06.17 - REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2016		2017/28
RS 11/17	Vedtak i KST 26.06.17 - GJENNOMGANG AV REGLEMENT FOR POLITISKE UTVAL		2017/58
RS 12/17	Budsjettbrev Vaksdal frå fylkesmannen		2017/28
PS 35/17	Eventuelt		

PS 22/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak:

Sakliste og innkalling vart samrøystes vedteke.

PS 23/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.05.2017 vart samrøystes vedteke.

PS 24/17 Rådmannen presenterer tertialrapport for 1. tertial 2017

Forslag til vedtak

Informasjonen som kom fram i høve 1. tertialrapport 2017 vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Rådmann, Åse Elin Myking, og økonomisjef, Truls Morten Kaland, presenterte tertialrapport for 1. tertial 2017, samt resultatet for mai, juni og juli så langt det ligg føre, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen som kom fram i høve 1. tertialrapport 2017 vert teken til orientering.

PS 25/17 Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 4 frå Deloitte

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Rådmann, Åse Elin Myking, og økonomisjef, Truls Morten Kaland, orienterte om kva som er gjort/vil verta gjort i høve tilrådingane i revisjonsrapport nr. 4 frå Deloitte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 26/17 Rådmannen orienterer om oppfølging av tilsynsrapport frå helsetilsynet

Forslag til vedtak

Sake vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Rådmann, Åse Elin Myking, orienterte om kva som er gjort/vil verta gjort for å lukke dei to avvika som kom fram i tilsynsrapport frå helsetilsynet gjeldande tvungen helsehjelp Vaksdal sjukeheim og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at Vaksdal kommune skal rapportere til fylkesmannen innan 1.10.17 om status på forbetningsarbeidet. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt kopi av denne tilbakemeldinga.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt kopi av statusrapporteringa som Vaksdal kommune skal sende fylkesmannen innan 1.10.17 i høve tilsynsrapport frå helsetilsynet gjeldande tvungen helsehjelp Vaksdal sjukeheim.
2. Informasjonen vart elles teken orientering

PS 27/17 Forvaltningsrevisjon av kvalitet innanfor helse og omsorg - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Kvalitet innanfor helse og omsorg", ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Evaluere og vidareutvikle sine system for å sikre brukarmedverknad på individnivå, og som del av ei slik evaluering hentar inn systematisk informasjon om korleis tenestemottakarar og pårørende sjølv opplever brukarmedverknaden.
2. Sikre at tenestemottakarar og pårørende sine erfaringar med tenestene systematisk bli innhenta og nytta i det kontinuerlege arbeidet med kvalitetsutvikling i helse- og omsorgstenestene.
3. Gjennomgå og evaluere system og rutinar for å sikre tilsette sin medverknad, mellom anna for å sikre at tilsette sine erfaringar og innspel blir nytta i kvalitetsarbeidet.
4. Sikre at tilsette har forståing for viktigheita av å melde frå om uønskete hendingar, og at avvik blir systematisk meldt frå om og følgt opp og nytta i kvalitetsarbeidet.
5. Gjennomføre ei kartlegging av medarbeidarane sin kompetanse i forbetningsarbeid, og vurderer kva tiltak som eventuelt bør setjast i verk for å auke denne kompetansen.
6. Sikre at det både gjennom medarbeidarsamtalar og meir fortløpande dialog mellom tilsette og deira leiarar er fokus på meistring av arbeidsoppgåver, og eventuelle behov for rettleiing og opplæring.
7. Sikre at kommunen si varslingsrutine blir gjort tilstrekkeleg kjent blant dei tilsette.
8. Sikre at det i større grad blir gjennomført systematiske og dokumenterte risikovurderingar, for å identifisere aktivitetar eller prosessar der det er fare for svikt eller brot på regelverk.
9. Å etablere rutinar for gjennomføring av eigenkontrollar, til dømes innanfor område der kommunen vurderer at det er risiko for manglande etterleving av rutinar og prosedyrar.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Kontrollutvalet har ansvar for å følgje opp at tilrådingar som er vedteke av kommunestyret vert følgd opp.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor Line Margrethe Johansen presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av kvalitet innanfor helse og omsorg og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte får 15 minuttar til å presentere revisjonsrapporten for kommunestyret i møte 16.10.2017.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Kvalitet innanfor helse og omsorg", ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Evaluere og vidareutvikle sine system for å sikre brukarmedverknad på individnivå, og som del av ei slik evaluering hentar inn systematisk informasjon om korleis tenestemottakarar og pårørande sjølv opplever brukarmedverknaden.
2. Sikre at tenestemottakarar og pårørande sine erfaringar med tenestene systematisk bli innhenta og nytta i det kontinuerlege arbeidet med kvalitetsutvikling i helse- og omsorgstenestene.
3. Gjennomgå og evaluere system og rutinar for å sikre tilsette sin medverknad, mellom anna for å sikre at tilsette sine erfaringar og innspel blir nytta i kvalitetsarbeidet.
4. Sikre at tilsette har forståing for viktigheita av å melde frå om uønskte hendingar, og at avvik blir systematisk meldt frå om og følgt opp og nytta i kvalitetsarbeidet.
5. Gjennomføre ei kartlegging av medarbeidarane sin kompetanse i forbetningsarbeid, og vurderer kva tiltak som eventuelt bør setjast i verk for å auke denne kompetansen.
6. Sikre at det både gjennom medarbeidersamtalar og meir fortløpande dialog mellom tilsette og deira leiarar er fokus på meistring av arbeidsoppgåver, og eventuelle behov for rettleiing og opplæring.
7. Sikre at kommunen si varslingsrutine blir gjort tilstrekkeleg kjent blant dei tilsette.
8. Sikre at det i større grad blir gjennomført systematiske og dokumenterte risikovurderingar, for å identifisere aktivitetar eller prosessar der det er fare for svikt eller brot på regelverk.
9. Å etablere rutinar for gjennomføring av eigenkontrollar, til dømes innanfor område der kommunen vurderer at det er risiko for manglande etterleving av rutinar og prosedyrar.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Kontrollutvalet har ansvar for å følgje opp på tilrådingar som er vedteke av kommunestyret vert følgd opp.

PS 28/17 Oppfølging - Selskapskontroll av eigarskapskontroll**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet registrerer at Vaksdal kommune framleis har ein del arbeid som står att før forbetringane i høve selskapskontroll av eigarskapskontroll er ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen, når det gjeld punkta 1, 2 og 4, innan 01.01.2018.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017**Handsaming i møtet:**

Rådmannen orienterte om oppfølginga av selskapskontroll av eigarskapskontroll og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet registrerer at Vaksdal kommune framleis har ein del arbeid som står att før forbetringane i høve selskapskontroll av eigarskapskontroll er ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen, når det gjeld punkta 1, 2 og 4, innan 01.01.2018.

PS 29/17 Budsjett 2018 for kontroll og tilsynsarbeidet i Vaksdal kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett 2018 for kontroll og tilsynsarbeidet i Vaksdal kommune, inkludert endringer som kjem fram i møtet. Budsjettforslaget vert å sende Vaksdal kommune for vidare handsaming.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Sekretariatet gjorde greie for kva som ligg bak tala i forslag til budsjett og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

I dag har leier i kontrollutvalet abonnement på Kommunerevisoren og Kommunal rapport. Kommunal rapport vert belasta kommunestyret sitt budsjett medan Kommunerevisoren vert belasta kontrollutvalet sitt budsjett. Bente Sundheim får, av ukjende grunnar, 2 eksemplar av Kommunal rapport. Rådmannen lofte å sjekke opp i kvifor dette skjer.

Kontrollutvalet vart samde om at alle bør ha abonnement på både Kommunerevisoren og Kommunal rapport og kostnader til dette vart lagt inn i budsjettforslaget. Det vart også semje om å auke konto 1087 Tap arbeidsforteneste med kr. 5000.

Med desse endringane vart forslag til budsjett samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett 2018 for kontroll og tilsynsarbeidet i Vaksdal kommune, inkludert endringer som kjem fram i møtet. Budsjettforslaget vert å sende Vaksdal kommune for vidare handsaming.

PS 30/17 Revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen for 2017

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2017 frå Deloitte AS til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Rekneskapsrevisor Line Kuven presenterte revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen for 2017 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2017 frå Deloitte AS til orientering.

PS 31/17 Kurs i regi av Deloitte 2017

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innandato:.....
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om å be Deloitte gjennomføre kurs innan Lov om offentlege anskaffelser i samband med møte i utvalet 17.10.2017 frå kl. 14.00 – 16.00. Val av kurs i første halvår 2018 vart å komme tilbake til i eiga sak i det første møtet i 2018.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan Lov om offentlege anskaffelser 17.10.17 frå kl. 14.00 – 16.00.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.
3. Val av kurs i første halvår 2018 vart å komme tilbake til i eiga sak i det første møtet i 2018.

PS 32/17 Teieplikta for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning, og vil følgje dette i sitt arbeid i kontrollutvalet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning, og vil følgje dette i sitt arbeid i kontrollutvalet.

PS 33/17 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- Kommunestyret 08.05. – 26.06.2017
- Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.05 – 06.06.2017
- Levekårsutvalet 22.05.2017

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

PS 34/17 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til orientering.

PS 35/17 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 30.08.2017

Handsaming i møtet:

Før møtet i kontrollutvalet fekk utvalet omvising i og orientering om Dale barnhage.

Sekretariatet tok opp om kontrollutvalet har forslag til tema på folkevalgtopplæringa som skal haldast på Solstrand 29. – 30.01.2018. Utvalet hadde ingen slike forslag.

Rådmannen orienterte om at «Forskrift om tildeling av sjukeheims plass» er under utarbeiding i Vaksdal kommune.

Vidare orienterte rådmannen om at det skal foregå oppussing på Heradshuset frå nyttår av, noko som medfører at heradsstyresalen ikkje kan nyttast til møterom i ei tid etter det. Eit alternativ til møterom kan vera Turbinen.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.